



Utvalg: Kontrollutvalet i Bømlo kommune
Møtestad: Formannskapssalen, Bømlo rådhus
Dato: 17.02.2015
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Hellen Sele	Leiar	H
Georg Lønning	Nestleiar	H
Kåre Habbestad	Medlem	SP
Svanhild Vespestad	Medlem	AP
Audun Økland	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
John-Kåre Torkelsen	Medlem	KRF

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Mariann Risøy Barane	John-Kåre Torkelsen	Ap

Merknader

Audun Økland (V) fekk permisjon frå kl. 12.00 og ut resten av møtet. Det var ikkje kalla inn vara for han, i siste del av møtet.

Andre som møte:

Navn	Stilling
Odd Harald Hovland	Ordførar (PS 01/15 – 05/15, og punkt 1. PS 12/15)
Sverre Olav Svarstad	Rådmann (PS 01/15 – 05/15, og punkt 1. PS 12/15)
Geir Aga	Kommunalsjef, Skule og oppvekst (PS 05/15)
Kjell Magnar Mellesdal	Kommunalsjef, Helse (PS 04/15)
Silje Sivertsen	Forvaltningsrevisjonsrevisor i Deloitte AS (heile møtet)
Elin Molven Wilhelmsen	Spesialrådgjevar i Hordaland Fylkeskommune

Sonja Hellen Sele
utvalslleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 3/15	Rådmannen orienterer - Sjukefråværsarbeidet i Bømlo kommune		2014/344
PS 4/15	Rådmannen orienterer - Brannrutinar innan pleie og omsorgssenter i Bømlo kommune		2014/315
PS 5/15	Rådmannen orienterer - Oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan Barne og familietenesta i Bømlo kommune		2014/336
PS 6/15	Selskapskontroll Bømlo vatn- og avlaupsselskap AS - Løypemelding		2014/323
PS 7/15	Møteplan 2015 for kontrollutvalet i Bømlo kommune		2014/314
PS 8/15	Kurs i kontrollutvalet i regi av Deloitte - For politikarar og administrasjon i Bømlo kommune		2014/345
PS 9/15	Årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Bømlo kommune		2014/318
PS 10/15	Referatsaker		
RS 1/15	Rekneskapsrapport 2014 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune		2014/311
RS 2/15	Vedteke budsjett 2015 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune		2014/311
RS 3/15	Avtale om sekretariatstenester for kontrollutval - Prisjustering		2014/311
RS 4/15	Brev om ikrafttreding av endringar i kommunelova og offentleglova		2015/8
RS 5/15	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat - Rapport		2014/382
RS 6/15	Vedtak KST PS 99/2014 - Revisjonsavtale - Opsjon		2014/390
PS 11/15	Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune		2014/313
PS 12/15	Eventuelt		

PS 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

PS 2/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møtet 25.11.2015.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 25.11.2015 vart godkjent.

PS 3/15 Rådmannen orienterer - Sjukefråværsarbeidet i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Rådmann Sverre Olav Svarstad orienterte om sjukefråværet og sjukefråværsarbeidet i kommunen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Sjukefråværet i kommunen svingar noko og enkelte avdelingar har hatt høgare fråværshistorikk enn andre. For kommunen samla i 2014, ligg sjukefråværet på om lag 6,5% i snitt. Målet er sett til 5,4% og det vert sett eit stadig fokus på alle nivå i organisasjonen i høve sjukefråværsarbeidet og viktigheita av dette, for å kunne oppnå gode resultat i høve å halda fråværet på eit lågast mogleg nivå. Rådmannen seier at kommunen no er på rett veg, men at det syner seg at det er svært viktig med eit stadig fokus på sjukefråværsarbeidet for å kunne lykkast.

Både på det politiske og det administrative nivået vert det no, og skal i fortsetjinga, verta jobba med viktige verdiar for organisasjonen. Desse verdiane skal vedtakast av kommunestyret før sumarferien 2015, for deretter å verta implementert i organisasjonen. Å få dei vedtekne verdiane implementert i organisasjonen kan verta utfordrande, men noko kommunen må jobba med for å kunne lykkast.

Rådmannen delte ut ein skisse som syner viktige støttespelarar, program, aktivitetar og samarbeidspartar med meir i høve sjukefråværsarbeidet i kommunen.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 4/15 Rådmannen orienterer - Brannrutinar innan pleie og omsorgssenter i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Kommunalsjef Kjell Magnar Mellesdal orienterte om brannrutinar innan ulike pleie og omsorgssenter i kommunen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Alle som arbeider på dei ulike institusjonane skal delta på brannøving. Dei fleste årlege brannøvingane vert halde saman med Bømlo Brannvesen. Brannrutinane er om lag dei same på alle institusjonane innan Pleie og omsorg. Bømlo Sjukeheim har no vore under ein større ombyggingsperiode og dei arbeider no med å tilpassa gamle brannrutinar til nye. Denne opplæringa er pågåande no i det «nye» bygget.

Som eit førebyggjande tiltak forsøker heimetenesta årleg å gå over/sjå på kontaktar og anna elektrisk utstyr rundt i heimane til brukarane.

Brannvarslarane på institusjonane er kopla direkte til brannvesenet. Responstida for alle institusjonane er på 10 minutt, frå det tidspunktet brannvesenet får brannmelding og til dei er på staden.

Rådmann Sverre Olav Svarstad var også med under orienteringa. Han orienterte om at det til dømes under «ekstremvær» vert halde eit spesielt fokus på at heimebuande personar med sårbar apparatur (som til dømes er avhengig av straum), får assistanse frå kommunen når dette er naudsynt.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 5/15 Rådmannen orienterer - Oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan Barne og familietenesta i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Kommunalsjef Geir Aga orienterte om oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan Barne og familietenesta i Bømlo kommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Han orienterte kort om korleis tenesta er organisert på Bømlo. Dei er også stadig på søking etter nye måtar og rutinar for å kunna greia å utføra oppgåvene på ein betre måte for både brukarane og kommunen.

Kommunalsjefen seier at Bømlo kommune i det alt vesentlege har ei god barnevernsteneste og at det spesielt vert lagt stor vekt på det førebyggjande arbeidet. PPT hadde 135 vedtak i 2014 på «Bømlo barn». I tillegg har det også vore born frå nabo kommunar som er busette i Bømlo.

Helsetenesta generelt og skulehelsetenesta spesielt skal styrkjast frå august 2015. I kommunen vert det sett eit stort fokus og nedlagt mykje førebyggjande arbeid. Det er no sett av prosjektmidlar til psykisk teneste. Det er også ei ekstra satsing på arbeidet i høve å unngå at elevane droppar ut av den vidaregåande skulen

Rådmann Sverre Olav Svarstad var også med under orienteringa.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 6/15 Selskapskontroll Bømlo vatn- og avlaupsselskap AS - Løypemelding

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Silje Sivertsen frå Deloitte AS orienterte om status på selskapskontrollen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Prosessen i høve selskapskontrollen har vore arbeidskrevjande og utfordrande på fleire område og det har teke lang tid å få ferdigstillta rapporten. Nokre av grunnane til at det har teke lang tid, har vore sjukdom i Deloitte.

Kontrollutvalet kommenterte at det til trass for sjukdom likevel burde vore mogleg for ein så stor organisasjon som Deloitte å nytta mindre tid på å levera rapporten.

Selskapskontrollrapporten forventast no å vera ferdig til handsaming i kontrollutvalet sitt møte den 15.4.2015. Rapporten skal også etter planen vera klar for levering til sekretariatet i god tid før utsending til dette møtet. Rapporten bør difor leverast innan måndag 23.3.2015.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 7/15 Møteplan 2015 for kontrollutvalet i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2015:

Dato:	<i>Merknad:</i>
17.02.2015	
14.04.2015	
12.05.2015	
27.08.2015	
01.12.2015	

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet fant det naudsynt å flytta på to av møtedatoane.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2015:

Dato:	<i>Merknad:</i>
17.02.2015	
15.04.2015	
12.05.2015	
26.08.2015	
01.12.2015	

PS 8/15 Kurs i kontrollutvalet i regi av Deloitte - For politikarar og administrasjon i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet vedtok at dato for det andre kontrollutvalsmøtet i år skulle setjast til den 15.4.2015.

Kontrollutvalet ber Deloitte AS om å halda eit to timars kurs i samband med dette møtet, for kontrollutvalet, politikarane og administrasjonen i Bømlo kommune. Kurstema er «samfunnsansvar og antikorrupsjon». Sekretariatet må avklara med revisjonen om dette let seg gjera.

Ordførar og rådmann får invitera aktuelle deltakarar til kurset frå det administrative og det politiske nivået i kommunen. Dei vert bedt om å gje snarleg attendemelding til sekretariatet på kor mange deltakarar som kjem.

Vedtak:

- Kontrollutvalet ber Deloitte AS om å halda eit to timars kurs den 15.04.2015 for kontrollutvalet, politikarane og administrasjonen i Bømlo kommune, innan temaet «samfunnsansvar og antikorrupsjon».
- Sekretariatet avklarar med Deloitte AS om dette let seg gjera.
- Ordførar og rådmann kan invitera aktuelle deltakarar til kurset frå det administrative og det politiske nivået i kommunen.
- Sekretariatet får ansvar for å organisera arbeidet med det praktiske i høve kurset.

PS 9/15 Årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Bømlo kommune**Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Bømlo kommune.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015**Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet var nøgd med årsmeldinga.

Framlegg til innstilling var samrøystes.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Bømlo kommune.

PS 10/15 Referatsaker**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015****Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjekk gjennom referatsakene.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til orientering.

RS 1/15 Rekneskapsrapport 2014 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune

RS 2/15 Vedteke budsjett 2015 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune

RS 3/15 Avtale om sekretariatstenester for kontrollutval - Prisjustering

RS 4/15 Brev om ikrafttreding av endringar i kommunelova og offentleglova

RS 5/15 Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat - Rapport

RS 6/15 Vedtak KST PS 99/2014 - Revisjonsavtale - Opsjon

PS 11/15 Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015**Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 12/15 Eventuelt**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 17.02.2015****Handsaming i møtet:**

Det vart teke opp fire saker under eventuelt.

- **Vegsak i høve Sollia Naustlag:**

Kontrollutvalet bad rådmannen orientera i høve saka. Sekretariatet opplyste i forkant av orienteringa om at det var opp til rådmannen å vurdere kva han kunne orientera utvalet om, då saka etter planen skal handsamast vidare i Lagmannsretten.

Rådmannen orienterte kort i høve saka. Fleire i utvalet hadde spørsmål som dei yngste å få stilla. Sekretariatet minna om at det var naudsynt å vurdere habiliteten til medlemmene i utvalet i forkant av eventuelle spørsmål i saka. Det vart ikkje opna opp for å stilla noko særleg med spørsmål. Rådmannen og ordførar forlot deretter møterommet.

- **Bestilling av prosjektplan innan Tekniske tenester i Bømlo kommune:**

Kontrollutvalet ber Deloitte AS om å levera ein prosjektplan i høve tekniske tenester i kommunen. Utvalet ber om å nytta «vegsaka i samband med Sollia Naustlag» som case. I denne samanheng bad sekretariatet om at kontrollutvalet sine medlemmer måtte vurdere habiliteten sin i høve denne saka.

Nestleiar Georg Lønning og medlem Svanhild Vespestad meinte dei kunne vera ugilde i saka. Lønning har ein svoger som er part i saka og Vespestad sin mann si tante er part i saka.

Kontrollutvalet vurderte samrøystes at Lønning og Vespestad er inhabil i saka.

Kontrollutvalet ber om at «vegsaka i samband med Sollia Naustlag» vert nytta som case i forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei ber revisor om å sjå spesielt på kommunen si sakshandsaming i saka, korleis fungerer prinsippet om likebehandling, er det lik informasjon til dei ulike partane i saka, korleis fungerer dei ulike rollane til kommunen, korleis fungerer kommunen sitt ansvar, er etikken i samsvar med kommunen sine bestemmelsar, er habilitetsreglane vorte fylgde.

Kontrollutvalet ber om å få prosjektplanen til møtet den 15.4.2015. Prosjektplanen bør såleis sendast til sekretariatet innan 23.3.2015.

- **Fylkesmannen i Hordaland – Rapport frå tilsyn med Nav i Bømlo kommune:**

I kontrollutvalet sitt møte den 25.11.2014 i PS 45/14 RS 27/14, vart rapporten frå fylkesmannen lagt fram. Kontrollutvalet bad sekretariatet om å undersøkje kva moglegheiter kontrollutvalet har til å gjera noko med saka som igjen kan føra til ei betring av tilhøva for brukarane.

Saka vart diskutert på nytt i møtet, der sekretariatet føreslo fleire måtar utvalet kunne få meir opplysningar.

Utvalet bestemte at dei vil be rådmannen koma i møtet den 15.4.2015 for å orientera om:

- Organisering av NAV i Bømlo kommune – Herunder kva som er kommunalt og kva er statleg i høve Nav i Bømlo kommune?
- Kva er/vert gjort i høve tilsynsrapporten?
- Har kommunen gitt svar attende til fylkesmannen i høve funn i rapporten, og kva respons har eventuelt fylkesmannen gitt attende til kommunen?

Kontrollutvalet meiner også at det kan vera viktig at NAV i Bømlo kommune bør sjåast på i høve den nye planfasen i den nye fire års perioden. Eventuelt om det kan vera naudsynt med ein forvaltningsrevisjon av den kommunale delen av NAV.

- **Formidla gode råd frå sitjande kontrollutval til nytt kommunestyre i høve konstituering av nytt kontrollutval etter kommunevalet hausten 2015:**

Kontrollutvalet ynskjer at sekretariatet opprettar ei sak der det vert lagt til rette for at kontrollutvalet kan få formidla nokre gode råd til nytt kommunestyre i høve val av kontrollutval. Utvalet ynskjer denne saka i kontrollutvalsmøtet den 12.5.2015.

Vedtak:

- Kontrollutvalet tok informasjonen i høve «Vegsak i høve Sollia Naustlag» til orientering..
- Kontrollutvalet ber Deloitte AS om å levera ein prosjektplan innan tekniske tenester i kommunen, inklusiv dei innspela som utvalet la fram i møtet
 - Prosjektplanen skal leverast til møtet den 15.4.2015
 - Revisor skal nytta «Vegsak i høve Sollia Naustlag» som eit aktuelt case i forvaltningsrevisjonsprosjektet
- Kontrollutvalet ber rådmannen koma i møtet den 15.4.2015 for å orientera om:
 - Organisering av NAV i Bømlo kommune – Herunder kva som er kommunalt og kva som er statleg i høve Nav i Bømlo kommune
 - Kva er/vert gjort i høve tilsynsrapporten
 - Har kommunen gitt svar attende til fylkesmannen i høve funn i rapporten, og kva respons har eventuelt fylkesmannen gitt attende til kommunen. Utvalet ber også om å få dette skriftleg i møtet den 15.4.2015
- Kontrollutvalet ber om ei sak i utvalet den 12.5.2015, der det vert lagt til rette for å få formidla nokre gode råd til nytt kommunestyre, i høve val av nytt kontrollutval hausten 2015.